

Referat frå

Møte om lokal forskrift kap 12 avløp, 7. mai 2019, Sunnfjord hotel

Dei som møtte:

Staffan Hjohlman, Sunnfjord vassområde

Øyvind Bang-Olsen, Naustdal kommune

Liss Lien, Askvoll kommune

Lill Hege Olset og Connie Hovland, Fjaler kommune

Magne Reidar Førde, Førde kommune

Solfrid Traa, Jølster kommune

Kaja Standal Moe og Audun Korneliussen, Flora kommune

Stig Olav Kleiven og Truls Hansen Folkestad, Gaular kommune

1. Innkalling og sakliste vart godkjend
2. Staffan møteiar og Truls referent
3. Kort statusorientering
 - a. Orientering om Sunnfjord kommune v/Øyvind Bang-Olsen
 - i. Øyvind gjekk gjennom organisasjonskartet slik det er utforma for Sunnfjord kommune. Alle dei tilsette veit no kvar dei skal jobbe, innplassering i fagansvarsnivå pågår, vaktordningar og organisering pågår
 - ii. Gebyrforskrifter, klimaomstillingsplan, og organisering og planlegging av bygg og eigedom og kommunalteknikk pågår
 - iii. Eining for landbruk og miljø og eining for teknisk drift grensar mest opp mot tema for dette møtet
 - b. Kommunale planar og lokale forskrifter i eigen kommune v/alle
 - i. Førde kommune: Var i gang med rulleringa av kdplan VA, inkludert spreidde avløp, blir inkludert i det arbeidet som dei no gjer for Sunnfjord kommune. To lokale forskrifter; forskrift om påslepp og forskrift om gebyr for tilsyn.
 - ii. Flora kommune: Har i mange år hatt lokal forskrift om tilsynsgebyr og ført mykje tilsyn av spreidde avløp. Samanslåinga til Kinn pågår. Nye forskrifter om tilsyn for gebyr, forskrift om oljetankar.
 - iii. Jølster kommune: Har vedtatt lokal forskrift om tilsynsgebyr. Skal sende ut spørreundersøking til eigarar av spreidde avløpsanlegg. Tilsynsplan ut i frå undersøkinga og prioritering av vassdrag med risiko.
 - iv. Gaular kommune: Er i gang med utarbeiding av eit grunnlag for hovudplan for VA, som skal inngå i hovudplanarbeidet for Sunnfjord kommune. Denne omfattar ikkje spreidde avløp, der vi jobbar meir ut i frå spørreundersøkingar og tilsynsplan og prioritering av vassdrag med risiko. Har vedtatt gebyr etter medgodt tid for tilsyn (ikkje årsgebyr).
 - v. Askvoll kommune: Gamle planar for VA. Ikkje system for spreidde avløp, handterer enkeltsaker.
 - vi. Fjaler kommune: Gamle planar for VA. Gjort eit arbeid med kartlegging av område med kommunalt va-anlegg. Ikkje system for overvatn eller spreidde avløp. Kdplan for Dale sentrum. Handterer enkeltsaker iht. spreidde avløp.
 - c. Revidering av vassforvaltningsplanen og tiltaksprogrammet for 2016-2021 v/Staffan
 - i. Ny planperiode 2022-2027, høyringar ferdig 30. des 2020.
 - ii. Godkjende forvaltningsplanar skal leggjast til grunn for kommunale planar

- iii. Rapport frå Asplan Viak med undersøking av nokre spreidde avløp i Nordfjord
 - iv. Gjennomgang av tilstand og påverknad iht. avløp
 - v. Kommunane skal i 2019 føreslå tiltak for å oppnå miljømål
 - vi. Nasjonale føringar; kommunane skal kartlegge og følgje opp alle avløpsanlegg etter kap 12 og 13, gi pålegg om tiltak for anlegg (før og etter 01.01.2007) som ikkje overheld dagens reinsekraav. Innsatsen bør prioriterast til nedbørsfelt til vassførekomstar som er påverka av utslepp av avløpsvatn
4. Lokal forskrift for Sunnfjord kommune v/Magne Reidar
- i. Bakgrunn og utfordring. Vassforskrifta § 4-6 om miljømål viser utfordring iht. lokal forskrift om avløpsanlegg. Vassforskrifta § 12 om unntak. Fører til at ein må dokumentere at avløpsanlegg ikkje forringar ein vassførekomst. Døme Digrenes bustad og hyttefelt, merknad frå fylkeskommunen.
 - ii. Ansvar og medverknad. Innhald i lokal forskrift § 12-7 til 12-13. Er det alternativ til lokal forskrift, td. norm for reinsekraav/preaksepterte løysingar og/eller kommuneplan arealdel. Tilsyn og drift vert skild og fordelt til ulike einingar i Sunnfjord kommune. Utøvande mynde til landbruk og miljø, medverkande til teknisk drift og areal og byggesak.
5. Utgjekk
6. Det var semje om å jobbe vidare med problemstillingane kring ei lokal forskrift. Sunnfjord kommune vil vurdere å jobbe vidare med innføring av forskrift etter 01.01.2020.
7. Nytt møte 12. juni? For vidare arbeid med grunnlag for ei forskrift.

Truls

-referent